

**Elveosen skal heldast fri for meir utbyggjing**

08.12.2010

**Edit og Gunnar Kjærland har fått avslag med 8 mot 1 i forvaltningskomiteen på søknaden om deling av ein grunneigedom i elveosen.  
Søknaden gjekk ut på deling av ei nausttomt i 2 slik at eit oppført naust blir frådelt med eige bruksnummer.**

Den eine som gjekk inn for å imøtekomma søknaden var Tove Lill Lakselv frå Framstegspartiet. Endre Blokhus (Frp) kom først med forslag om utsettjing for synfaring, men det fall med 7 mot 2 røyster.

Dermed gjev ikkje kommunen dispensasjon frå LNF-område samt plan- og bygningslova sitt forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag i gjeldande kommuneplan.

Difor kan det ikkje gjevast løyve til frådelling og omdisponering til naust. Omsynet bak planen vert vesentleg tilsidesett og ulempene ved dispensasjon er større enn føremonene, heiter det i innstillinga frå rådmannen.

Administrasjonen skriv at det særleg er omsyna til strandvernet samt landskapsomsyn som her gjer seg gjeldande. Kommunedelplanen er tydelig på at osen ved Uskedalselva skal heldast fri for ytterlegare utbyggjing, vart det påpeika i saksutgreiinga.

Vegvesenet hadde gått i mot avkøyrslø då det ikkje vert mogeleg å oppfylle krava til vegnormalane i høve frisikt.

Av Ola Matti Mathisen